

Nr 4-2023, årgang 59

KYRKJELYDSBLAD

FOR NISSEDAL SOKN

Med meldingsblad for Nissedal kommune



Treungen kyrkje



Nissedal kyrkje



Felle kapell

Jola 2023



Teikning av Solveig Muren Sanden i bladet *Julette*, 1999.

SVERRE SÆTER FORTEL OM EIGNE JOLETRADISJONAR

Frå gylne haustfargar, endåtil med lavande snø, er me på veg mot stutte dagar og mørke kveldar, men òg med adventstid med lysande stjerner og ljøs både ute og innomhus. Ein dag tidleg i november har Kyrkjelydsbladet avtala eit møte med Sverre Sæter på kommunehuset. Og denne venda har me slettes ikkje tenkt å spørje kommunedirektøren om budsjettpostar, økonomi og saksframlegg, men me vil gjerne høyre litt om kva han har av minne frå joletradisjonar i barndomsheimen, og kva han har med seg i eigen heim.

– Du fekk vel oppvekståra dine på Stord?

– Ja, her voks eg opp i lag med foreldre og fire sysken, og eg har gode minne frå oppvekståra heime. Naturlegvis venta me på jula, men sidan Stord ligg ut mot kysten, var det langt ifrå sikkert at me kunne få kvit jul. Snøen som la seg, blei gjerne fort borte att. Isen var meir stabil. Både i fjordarmar og på små og store vatn kunne me boltre oss på spark og skeiser.

Kvar julekvelds føremiddag var det framleis litt å stelle til før me fekk på oss finstasen. Ein del av oss ville gjerne ha med oss eit par av dei tradisjonsrike filmane på fjernsynet, men etter kvart fór heile familien vår bort på sjukehuset der far min var lege. Her var me med på ein del av opplegget før me drog heim til eiga feiring. I stova anga det av granbar og lyste frå juletreet der pakkene stakk fram under greinene. Klokka 17 samla me oss ved middagsbordet med pinnekjøtt og mykje godt i tillegg.

Ei stund etter middagen tok me kvarandre i hendene, gjekk rundt treet og song mange av dei kjende og kjære julesongane. Treet var oftast nedlest av pynt. I nokre av korgene låg det songtekster som me kunne kikke på dersom me blei i beit. Snart var det tid for å opne pakker. I den frededelege kvelden kosa me oss med kaffi, kaker, brus og frukt, kikka i eit blad eller fekk med oss meir frå fjernsynet.

– Og så har du saman med dei næraste fått tradisjonar i eigen heim?

– Ja, og i den samanhengen har eg hugsa på kva far min sa til meg og syskena mine ein gong: «No får de ta med dykk det de synest er bra inn i nye tradisjonar saman med egne familiar.» Det var nok eit klokt råd, trur eg. Kona mi, Gunda, er opphavleg frå Tyskland, så slik sett har me med oss litt ulike tradisjonar. Før jul planlegg me å ha fleire slag middagsretter som me skal ha til ulike dagar; kalkun, pinnekjøtt, ribbe og fiskemiddagar.

På småbruket Breiungen, der me bur, er me òg så heldige at me kan ha kortreiste middagar frå frittgåande kalkunar og lam.



Bilde frå 2011.

På føremiddagen om juleftan steller eg til det som me kallar dynegraut. Etter at risgryna er koka inn med vatn og mjølk, tek eg kjelen og tullar han inn med plagg og pakkar han under ei god dyne. Etter ei stund under dyna er han heilt fin, og på den måten er det aldri noko problem med at noko blir brent i botnen av kjelen.

Frå borna var små, har det vore tradisjon og kose oss med graut. Sjølv sagt har me mandel som me er spente på å finne. No er borna våre blitt vaksne, Tristan (25), Gyda Elisa (24) og Sigurd August (19), og etter kvart er det deira tur til å lage sine egne opplegg.

Me har alltid rikeleg med graut. Litt seinare på dagen lagar Gunda riskrem av det som er att, dessert til middagen klokka 17. Me tek oss god tid med maten. Etter at me har roa oss litt etter middagen, syng me ein del av julesongane. Då les eg også alltid juleevangeliet frå Lukas 2 med dei kjende orda: «Og det hende i dei dagane at det gjekk ut eit bod frå keisar Augustus at heile verda skulle skrivast i manntal.»

Utetter kvelden kan me kjenne på julefreden i huset vårt i skogen, kose oss med meir mat, småprate litt, finne noko å lese, knekke eit par nøtter eller finne fram til eit fjernsynsprogram.

– Du har alt nemnt at du har vakse opp med jolesongar og har ført vidare tradisjonen i eigen heim. Og så har du plukka ut ein jolesong som du set pris på?

– Eg synest me har ein utruleg rik skatt med julesongar. Mange kunne nemnast, men eg har stansa opp ved ein song av Elias Blix. Rik tekst i meisterleg utforming saman med ein gamal folketone skaper ei særskild fin stemning.

TV

Kling no klokka, nr. 65 i Norsk Salmebok

*Kling no, klokka! Ring og lokka,
ring og lokka frå tusund tårn!
Tona um frelsa! Kalla og helsa,
kalla og helsa med fred Guds born!
Kling no, klokka! Ring og lokka,
ring og lokka frå tusund tårn!*

*Songar sæle, englemæle,
englemæle med livsæl ljod!
Far gjennom grender, strøym over strender,
strøym over strender som toneflod!
Songar sæle, englemæle,
englemæle med livsæl ljod!*

*Englar kveda: Høyr den gleda,
høyr den gleda som her er hend!
Ljoset er runne, livet er vunne,
livet er vunne: ein Frelsar send.
Englar kveda: Høyr den gleda,
høyr den gleda som her er hend!*

Tekst: Elias Blix, 1889

Melodi: Folketonevariant frå Oppdal.

*Sæle stunder, store under,
store under og løyndoms skatt!
Møyi vart moder, Gud vart vår broder,
Gud vart vår broder i julenatt.
Sæle stunder, store under,
store under og løyndoms skatt!*

*Barn er bore. Barnekåret,
barnekåret ved det me vann.
Anden no føder oss til hans brøder,
oss til hans brøder, Guds born som han.
Barn er bore. Barnekåret,
barnekåret ved det me vann.*

*Sjå, det dagast, snart det lagast,
snart det lagast til høgtid ny!
Då skal oss klokka leikande lokka,
leikande lokka til helg i sky.
Sjå, det dagast, snart det lagast,
snart det lagast til høgtid ny!*



ANDAKT



Jula er tida då me samlar oss rundt den store forteljinga om då Jesus vart fødd. Denne forteljinga er skildra fleire

stader i Det nye testamentet. Den mest kjente står i Lukasevangeliet. Det er den me les på julaften. Her høyrer me om Maria og Josef. Om herberga som er fulle. Hyrdane på Betlehemsmarka. Englesongen og barnet i krybba.

Når Matteus skal skriva om det store mysteriet, har han eit anna perspektiv. Han nemner ikkje vandringa til Betlehem, dei fullbooka herberga, hyrdingane, englesongen og krybba. I staden ser han bakover til ein over 600 år gamal profeti frå profeten Jesaja. Her finn han årsaka til, og poenget med juleforteljinga.

Alt dette hende så det skulle oppfyllest, det Herren har tala gjennom profeten: *Sjå, møya skal bli med barn og føda ein son, og dei skal gje han namnet Immanuel – det tyder: Gud med oss.*

Jul er måten Gud fortel at Han er ein gud som er med oss i alle livets fasar, utfordringar og gleder. Ikkje ein fråverande gud. Ikkje ein likegyldig gud. Ikkje ein gud som er mot oss og ute etter oss. Han er ein Gud som vil gå med oss og som elsker oss og som er vår frelsar. Når me lukkast og når me mislukkast. Han ber namnet Immanuel. Òg i motgang er Gud med. Difor vart han fødd som ein av oss.

Dette teiknet frå Gud hende i den delen av verda som i desse dagar er prega av ein forferdeleg konflikt mellom Israel og Gaza. Lidingane er større enn me kan fatta. Når dette vert skrive, kjenner me ikkje utfallet, men me ser dei ufattelege lidingane på begge sider. Men me veit at Gud vil gå med oss. Han ser til kvart menneske som lid uavhengig av nasjonalitet, etnisitet, tru og alder. Under alle djup er Gud.

«Gud med oss!» For mange vekker framleis orda vonde minne. Nazistane brukte dei til å legitimera sine brutale handlingar under 2. verdskrigen. Men slik skal ikkje Guds namn brukast til å forsvara det som er imot Guds vilje. «Gud med oss» må ikkje få den konsekvensen at me vender oss mot kvarandre, men at me snur oss 180 grader og behandlar kvarandre som med-menneske. Trur me på ein Gud som er med oss, må me sjå på alle menneske som våre medmenneske.

Jul er difor tida for både undringa over det store underet, og for å vise medmenneskelegheit med dei som lid.

Dei siste orda i Matteusevangeliet, grip tilbake til det namnet Jesus ber, Immanuel. No er dei ikkje sagt av profeten, men av han som vart fødd julenatt: «Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

Velsigna jul.

*Stein Reinertsen
Biskop i Agder og Telemark*

ME STAKK INNOM

Me stakk innom Ian Parry-Jones – ny ordførar som har mangt å fortelje frå livet og frå rike joletradisjonar i Wales.

Ian Parry-Jones har så vidt blitt varm i ordførarstolen då Kyrkjelydsbladet har avtala eit møte på kontoret hans ein dag tidleg i november. Etter åtte år både i kommunestyret og formannskapet er 54-åringen slett ikkje ukjend med vanskelege budsjettprioriteringar og vegval for å finne gode løysingar, noko som utan tvil kan vere godt å ha med seg i møte med nye utfordringar. I denne samanhengen hadde me elles ikkje tenkt å kome særleg mykje inn på politiske spørsmål. Her vil me helst at den nye ordføraren i Nissedal kan la tankane fare attende til barndomens grøne dal i frodige Wales.



Gode oppvekstår med ulike utfordringar

– *Kvar var det du voks opp i Wales?*

– Det var ute ved kysten nord i landet i ein liten by som heiter Bangor. Her voks eg opp saman med foreldre og to yngre systrer. Far min var frå Wales og mor mi frå Liverpool i England. Me bruka for det meste engelsk som daglegtale i heimen. Pappa var bankmann og var også aktiv med i det politiske livet både i kommunestyret og fylkesstyret.

I oppvekståra lika eg å vere med på fotballbanen, og etter kvart blei eg nok litt av ein nerd med datamaskiner og tekniske innretningar. Systrene mine lika best å drive med ponniar, seinare òg med hestar. Frå barndomsheimen min hadde me vakkert utsyn mot det høgste fjellet i Wales, Snowdon, som reiser seg 1085 m.o.h. Dette er det einaste fjellet i Wales som utpå hausten kan syne seg fram med ei kvit hette. Fjellet er òg eit populært turmål med yrande liv, ikkje minst på grunn av at det går ein gamal jernbane fram til foten av fjellet.

– *Som fleire kjenner til, er det nokså mange i Storbritannia som går på privatskular. Gjekk du i den offentlege grunnskulen?*

– Ja, det gjorde eg fram til eg var 13 år, men då fekk eg eit stipend slik at eg kunne få bli elev på privatskulen King's School. Eg skulle få lov å bu heime og tok bussen att og fram til skulen, men då joleferien kom, bad eg på mine kne om å få slutte. Grunnen var at eg ikkje orka den fornemme upper class-stilen, og mellom anna med cricket og roing som idrettar i staden for fotball. Heldigvis forstod foreldra meg, og fri som fuglen var eg tilbake i lag med gutane i gata og på fotballbanen.

Då eg skulle bli elev i den vidaregåande skulen, dukka det opp ei ny utfordring som gjorde at heile familien for ei tid kom til å bu i byen Chester på den andre sida av grensa. Hovudgrunnen var at på den vidaregåande skulen heime, var undervisninga på walisisk, og eg måtte vedgå at eg ikkje meistra det gamle morsmålet vårt godt nok. Etter vidaregåande tok eg til som student på Chester College, som i dag er ein del av universitetet i Liverpool. Her synest eg me hadde eit fint opplegg der den tekniske utdanninga var knytt tett saman med praktisk arbeid. På denne tida flytte familien vår tilbake til Bangor.

Rike joletradisjonar i Wales

Ian fortel vidare at joleftan i Wales, og elles i Storbritannia, er full arbeidsdag. Då er det naturleg nok mange som hastar og ståkar med mange gjeremål til seint på kvelden for å få gjort unna det som står att før den store høgtida. Frå denne dagen har Ian eit barndomsminne frå dei åra då han og syskena gjekk på sundagsskulen. – Ja, etter gamal skikk rusla me rundt og banka på ytterdørene til folk. Når det dukka opp folk i døroppninga, stemte me i med ein jolesong. Folk takka og smilte, ynskte god jol og gav litt pengar til det tiltaket me samla inn til, fortel Ian.

– *Og frå fyrste joledag var det full jolefeiring?*

– Ja, joledags morgon var me veldig spente på kva me kunne finne i sokkane som var hengde opp på sengestolpane. Det som var i sokkane, var ei gåve frå jolenissen. Gåvene som låg på plass under joletreet, var frå familien. Dei måtte me ikkje røre før me skulle opne gåvene i lag. Det var hardt nok for ein liten gut å gå og kikke og ikkje kunne få klemme på pakkene ein gong.

Til jolemiddag hadde me ein stor kalkun som var stappa med godsaker. Eg kan hugse at han av og til var så diger at det var så vidt me fekk han inn i omnen.

Elles såg me fram til å få smake på nydeleg Christmas cake, den britiske jolekaka – ei kake som kan ha mange slag av frukt, bær, svsker og nøtter, ofte blanda med sherry eller rom, og med eit pynta melislag på toppen. Plum pudding er òg noko som dei fleste vil ha ein smak av i jola.

– *Var de på jolegudsteneste?*

– Ja, far min hørde til den anglikanske kyrkja, og mor mi var med i ei metodistkyrkje. Me skifte litt med å gå på gudsteneste i dei to kyrkjene. Elles må eg få skyte inn at Wales har vore sterkt prega av kristne vekkingar, særleg frå slutten av 1800- talet, og aller mest den store vekkinga i 1904. Landet hadde fram til då hatt ein stor whisky-produksjon på høgde med Skottland, men då blei folkelivet så sterkt endra at det i fleire kommunar blei heilt slutt med sal av alkohol.

På jolegudstenestene song me mange av dei kjende jolesongane. Joledagen song me òg nokre songar heime før me opna pakkene. Me har mange fine jolesongar, synest eg. I farten kjem eg kjem nok best i hug «God rest Ye merry gentlemen may nothing you dismay. Remember Christ our Saviour was born on Christmas Day», seier Ian og nynnar litt før han held fram: – Ja, på norsk blir det vel om lag slik: «Kvil i Gud, de glade herrar. Ver ikkje urolege for noko. Hugs at Kristus, frelsaren vår, vart fødd joledagen.»

Ian gjer nordmann av seg

– Jau, det var nok kjærleiken til ei jente, det, seier Ian og smiler då han får spørsmål om kva som førte han til Noreg. Sidan han ein dag i 1990 fór over Nordsjøen, har Ian sett på Noreg som det andre heimlandet sitt. No kom det nok til å bli meir motbør enn han hadde rekna med. Det synta seg at utdanninga hans ikkje kunne godkjennast etter norske retningslinjer. Difor måtte han finne anna arbeid for å ha noko å leve av. Om lag eitt år var han god kunde for SAS med mykje pendling til England.

– Deretter arbeidde eg fem år i ein barnehage i Oslo, noko eg treivst svært godt med, fortel Ian vidare, – ja, der fekk eg òg venner for livet, men etter kvart kom eg likevel inn på eit område som hadde meir med utdanninga mi å gjere, fyrst med arbeid i Siemens og deretter med eige firma i lag med kameratar. Etter kvart blei det så lange og kravfulle dagar at eg selde meg ut. Eg kjende på at eg hadde nådd ein psykisk motbakke som var i tyngste laget. Eg pusta letta ut då eg drog ut frå Oslo til småbruket som eg hadde fått kjøpt på Finnskogen. Frå fyrste tida mi i Oslo må eg òg få nemne at eg har sonen Sebastian som er blitt 32 år. Han arbeider med medierådgeving og er politisk aktiv i partiet Venstre.



Frå tretoppvegen i Fyresdal saman med syster, svoger, nevøar og mor.

– Og så ein dag i 2012 gjekk flyttelasset til Nissedal?

– Ja, her er det mangt som kunne nemnast, men for å gjere ei lang historie stutt hadde eg no blitt kjærast med Cecilie Hellum, og då ho fekk spørsmål om å take over gardsbruket etter besteforeldra sine, Haugen i Grimstveitgrenda, fylgde eg med. Ikkje lenge etterpå la det seg til rettes med at eg òg kunne få take over butikkdrifta i bygda. Då syntest me at mange brikker fall på plass, minnest Ian frå fyrste tida i den nye heimkommunen sin.

På gardsbruket Haugen finn både Ian og Cecilie og borna, Kristian på 9 år og Eira på 8 år, ro og trivsel. Her er det gode boltreplassar både for dyr og menneske, og her sit det historie både i veggane og på gardstunet. Mellom anna var det her dei aller fyrste utvandrarane frå Nissedal la i veg mot Amerika i 1843.

I skrivande stund er ikkje Ian heilt sikker på om det i år blir jolefeiring i Nissedal eller i Wales. Han er glad for at han rakk fram til far sin då han låg på det siste i juli månad, og når jola nærmar seg, har han naturleg nok òg ei kjær mor i tankane.

Ian er blitt glad i heimkommunen sin der han er i gang i det viktige ombodet som ordførar. Før me rundar og takkar for det han ville dele med oss, vil ordførar Ian gjerne sende ei helsing til kvar og ein i heile Nissedal kommune med dei beste ynske om fredeleg jol og alt godt i det nye året.

TV



MELDINGSBLAD

NISSEDAL KOMMUNE



NR 4.

2023

Nyhende og jolehelsing frå eining for velferd, og eining for oppvekst og kultur

Hannelore og Reidun leiar kvar vår eining i Nissedal kommune. Saman ønskjer vi å gje litt informasjon om eit par viktige satsingar.

Demensomsorg

Ei god demensomsorg er viktig for å kunne jobbe framtidsretta og i tråd med nasjonale føringar om at ein skal bu trygt heime og lengre. I Nissedal kommune er ei god demensomsorg med fokus på heilskapelege, koordinerte og trygge tenestar, eit av hovud satsingsområda, kor målet er riktige tenester til riktig tid. I eining for Velferd vil me det neste året jobbe med ulike tiltak som kort blir skildra under:

Dagsenter-tilbod: eit tilbod for heimebuande personar med demens. Tilbodet skal innehalde både sosiale, kognitive og fysisk stimulerande aktivitetar. Tilbodet skal ivareta funksjonar i dagleglivet, fremje livskvalitet og førebygge/reduere isolasjon og einsemd. I tillegg skal det vere ei avlasting og støtte for pårørande.

Pårørandeskule: skal gje opplæring og rettleiing til pårørande, slik at dei får kunnskap og verktøy til å meistre sin situasjon, og det å vere pårørande til ein person med demens.

Tiltakspakke demens: tiltakspakke demens er ein arbeidsmetode, som skal syte for ein systematisk og individuelt tilpassa oppfylging av heimebuande personar med demens og deira pårørande. Målet er at dei skal få bu heime lengst mogeleg og at både brukar og pårørande opplever tryggleik og støtte gjennom eit samla tenestetilbod.

Demensplan: me håpar å kome i gang med ein demensplan for Nissedal kommune i 2024. Ein demensplan vil vere eit godt styringsverktøy. Ein demensplan skal syte for at tenestetilbodet til personar med demens og deira pårørande blir forbetra gjennom blant anna medbestemming, deltaking, heilskapelege tenester og kunnskapsutvikling. Demensplanen skal bidra til at ein får større openheit om demens og at ein får eit demensvennleg samfunn.

Vegen mot livsmeistring

Oppvekstsjefane i Vest-Telemark har utarbeidd ein felles oppvekstplan for regionen. Den har fått det kraftfulle namnet «Vegen mot livsmeistring».

Denne overordna planen legg føringar for arbeidet med oppvekst i alle dei 6 kommunane, inkludert Nissedal. Hovudmålet er at fleire utsette barn og familiar skal få den hjelpa dei



Foto: Olav Jakob Tveit

treng på eit tidleg tidspunkt. Gjennom god og samordna innsats vil ein auke livskvaliteten til barn og familiar, og ein vil redusere talet på unge som hamnar i utanforskap.

For å nå målet om livsmeistring for alle barn, må ein ha ein kultur, struktur og kompetanse for å arbeide førebyggjande, med tidleg innsats og med samhandling. Ein skal arbeide for at alle barn skal oppleve meistring og oppleve seg inkludert, og dei skal saman med foreldre vere samarbeidspartnar når det er behov for ekstra innsats. Alle skal være aktive deltakarar i eige liv, og tiltak skal bli utforma i samarbeid med dei som tek i mot tenestene.

Samstundes driv vi nå og lagar lokal del av planen. Kvar kommune skal beskrive korleis dei skal nå måla i overordna plan. Her i Nissedal kommune nyttar vi barne- og ungdomsteamet som styringsgruppe for arbeidet, her utvida med representant for foreldre, det frivillige, tenestekontoret og ungdomsrådet. Arbeidet er forventa ferdig innan sommaren 2024.

FNs bærekraftsmål

Nissedal kommune er forplikta til å arbeide etter FN sine bærekraftsmål. FN sitt bærekraftsmål nummer 3 skal sikre god helse og livskvalitet for alle, uansett alder. Både arbeidet med demensomsorg og oppvekstplanen er viktige tiltak for å nå målet om god helse og livskvalitet.



God jol og godt nyttår

Når vi først har fått spalteplass vil vi ønskje alle ei rektig god jol og eit godt nytt år. Hugs at vi er her for dykk, så nøl ikkje med å ta kontakt dersom de har spørsmål eller tankar å dele med oss!

Jolehelsing frå

Hannelore Karlsen Skeimo (Einingsleiar for velferd)

Reidun Carol Retterholt (Einingsleiar for oppvekst og kultur).

FRÅ KYRKJEKONTORET



Bilete av det nye soknerådet 2023–2027 tatt på medarbeidarfest 1.nov. 2023. Faste medlemmer og varamedlemmer. Frå venstre Olav Borstad, Maroli Mandt, Astrid Eidem Nordal, Hilda Neset, Gerd Irene Sønderland, Arvid Hansen, John Nordbø, Mari Stana Borstad og Gunnhild Breivik Rieber-Mohn. Ole Kristian Bøe og John Olav Klodvik var ikkje til stades.

På medarbeidarfesten var alle i stab og frivillige i kyrkjelyden invitert, vi var vel 50 samla. Dei frivillige står trufast i si teneste år ut og år inn.

Ei av dei fyrste oppgåvene det nye soknerådet får, er å gjere opp status når det gjeld frivillige i neste 4 års periode. Av frivillige sine oppgåver kan nevntast;

- I gudstenestene; klokkar, tekstlesar, kyrkjevert
- Kyrkjeutval i både Nissedal og Treungen, soknerådets «forlenga arm» i kyrkjelydsarbeidet
- Diakoniutval med medlemmer som gjer si teneste i tråd med Diakoniplanen for kyrkjelyden
- Trusopplæringsutval med medlemmer som jobbar ut frå Trusopplæringsplanen
- Kyrkjelydsbladet; 4 utgåver i året. Det trengs til ei kvar tid 3 i redaksjonen og mange som kører rundt i kommunen og legg bladet i postkassene.

Vi treng alltid nye eller fleire til dei ulike tenestene i kyrkjelyden. Skulle det vere nokon av desse oppgåvene du kunne tenke deg å vere med på, ta kontakt. Eller at du gjeng å ber på tankar om eventuelt andre oppgåver vi i kyrkjelyden burde vere opptekne av, del det med oss. Huk tak i nokre i soknerådet eller nokon av oss i staben.

ARRANGEMENT LIKE FØR JOL

- Jolebazar for Mali, torsdag 14.12. Kl 18. på Næringsbygget til Knut Haugsjå. NORSahel i samarbeid med soknerådet.
- Joleprogram med Ellen og Gunnar Ajer, fredag 15.12. Kl. 19. i Nissedal kyrkje. Arrangør: Soknerådet.
- Vi syng jola inn, søndag 17.12. Kl. 18.00. Arrangør: Soknerådet

Fylg elles med på plakatar og anna annonsering! Velkomne!

GUDSTENESTELISTE

1. HALVÅR 2024

Desember

17	Kl.18.00.Treungen	Vi syng jola inn	Kyrkjelydsarbeidet
21	Kl.09.30.Treungen	Skulegudsteneste	
24	Kl.13.00.Felle	Joleftan	Kirkens Nødhjelp
24	Kl.14.30.Treungen	Joleftan	Kirkens Nødhjelp
24	Kl.16.00.Nissedal	Joleftan	Kirkens Nødhjelp
25	Kl.11.00.Treungen	1. joledag	Diakoniprojektet i Mali

Januar

7	Kl.11.00.Treungen	Fam.gt. saman m Frikyrkja	Kyrkjelydsarbeidet
21	Kl.11.00.Nissedal		Diakoniprojektet i Mali
21	Kl.18.00.Treungen		Diakoniprojektet i Mali

Februar

4	Kl.11.00.Treungen		Kirkens SOS
18	Kl.11.00.Treungen	Famgt. Tårnagenthelg	Acta Telemark
18	Kl.18.00.Nissedal		Acta Telemark

Mars

3	Kl.11.00.Nissedal		Kirkens SOS
17	Kl.11.00.Treungen	Fam.gt. KodeB	Kyrkjelydsarbeidet
24	Kl.11.00.Felle	Fam.gt. Palmesundag	Sundagsskulen i Telemark
24	Kl.18.00.Fjone	Fam.gt. Palmesundag	Sundagsskulen i Telemark
28	Kl.10.00.Haugsjåsund	Skjærtorsdag	Diakoniprojektet i Mali
28	Kl.18.00.Nissedal	Skjærtorsdag Kveldsmat på bedehuset etterpå	Diakoniprojektet i Mali
29	Kl.11.00.Treungen	Langfredag	Diakoniprojektet i Mali
31	Kl.11.00.Nissedal	1. Påskedag	Sundagsskulen i Telemark

TREUNGEN FRIKYRKJE

1. HALVÅR 2024

Vi oppmodar til å fylgje med på www.treungenfrikyrkje.no då det kan kome endringar i programmet.

DESEMBER:

24. 15.00 Jolegudsteneste
29. 17.00 Joletefest

JANUAR:

07. 11.00 Felles familiegudsteneste.
Nattverd
09. 18.00 Kvinneforening
10. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
10. 17.30 Friklubbe og Lollipop
11. 18.00 Kveldskafè, Årsmøte
14. 11.00 Gudstense. Besøk av
synodeleder
Samtale i peisestoga
15. 17.30 Speidaraktivitet
16. 18.00 Dugnad og fellesskap
21. 19.00 Husgrupper
23. 18.00 Misjonsmøte med Nora Gimse
24. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
26.–28. Vinterleir for ungdom på
Fjelltun
28. 19.00 Husgrupper
29. 17.30 Speidaraktivitet

FEBRUAR:

04. 19.00 Husgrupper
06. 18.00 Kvinneforening. Årsmøte
07. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
07. 17.30 Friklubbe og Lollipop
9.–10. Videre, Frikyrkjans ledersaml.
11. 11.00 Familiegudsteneste, nattverd
12. 17.30 Speidaraktivitet
13. 18.00 Dugnad og fellesskap
15. 18.00 Kveldskafè
21. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi

25. 18.00 Kveldsgudsteneste.
26. 17.30 Speidaraktivitet
27. 18.00 Kyrkjelydens årsmøte

MARS:

05. 19.00 Kvinneforening
06. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
06. 17.30 Friklubbe og Lollipop
07. 18.00 Kveldskafè
10. 11.00 Familiegudsteneste
Tur til Godthol om det er vêt
og føre til det.
11. 17.30 Speidaraktivitet
12. 18.00 Dugnad og fellesskap
17. 11.00 Felles familiegudsteneste.
Kode B Treungen kyrkje:
Utdeling av biblar til 5. kl
19. 18.00 Kvinneforening
20. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
20. 17.30 Friklubbe og Lollipop
24. 11.00 Familiegudsteneste –
Palmesundag
31. 11.00 Høgtidsgudsteneste

APRIL:

03. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
03. 17.30 Friklubbe og Lollipop
07. 19.00 Husgrupper
08. 17.30 Speidaraktivitet
09. 18.00 Dugnad og fellesskap
11. 19.00 Kveldskafè
14. 11.00 Gudstense. Nattverd
16. 18.00 Kvinneforening
17. 17.30 Open Friklubbe
21. 19.00 Husgrupper
22. 17.30 Speidaraktivitet
28. 11.00 Felles samtalegudsteneste
30. 18.00 Kvinneforening

MAI:

- 4.–5. mai Speidartur
05. 12.00 Speidargudsteneste
07. 18.00 Vårdugnad og fellesskap
12. 19.00 Husgrupper
14. 18.00 Kvinneforening
15. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
19. 11.00 Høgtidsgudsteneste. Nattverd
21. 18.00 Vårdugnad og fellesskap
25. 12.00 Konfirmasjon
28. 18.00 Kvinneforening. Avslutning
29. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
30. 19.00 Kveldskafé

JUNI:

02. 19.00 Husgrupper
09. 19.00 Husgrupper
11. 18.00 Kyrkjelydsmøte
12. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
14.–16. Tweenleir Fjelltun
16. 11.00 Gudsteneste. Nattverd
21.–23. Barneleir på Fjelltun
23. 18.00 St. Hans feiring.
30. 11.00 Utegudsteneste.

Ynskjer du å starte i ei av husgruppene våre så ta kontakt med:
Lena Haugsjå: 906 85 202.

Vil du bli fast givar?
Ta kontakt med kasserar tlf: 480 46 377.

Treungen frikyrkje sin gåvekonto:
2714.10.06628 Vipps nr.: 27037



HAUGSJÅSUND GRENDEHUS

21. februar kl. 19.00:

Møte med tale av Arvid Hunemo.
Kollekt og enkel servering.

Skjærtorsdag 28. mars kl. 10.00:

Gudsteneste ved sokneprest Ragnar Kortner
Og kantor Maria Skjæveland.
Kollekt og enkel servering.

Alle velkomne!

Haugsjåsund og Tjønnefoss misjonslag

KATOLSK MESSE

i Treungen kyrkje

25. desember – 1. joledag kl. 15.00
21. januar kl. 15.00
25. februar kl. 15.00
31. mars (1. påskedag) kl. 15.00

KYRKJEBYGDA BEDEHUS

Program Nissedal Yngreslag

Januar:

18.: Spel/hobby – utlodding

Februar:

1.: Hobby/spel – bollar og saft

15.: Spel/hobby – utlodding

29.: Hobby/spel – bollar og saft

Mars:

9.: Yngreslaurdag frå kl. 12–16

14.: Spel/hobby – Utlodding

Program Nissedal Sundagsskule

Samling på Kyrkjebygda bedehus frå
kl. 11–12 fylgjande sundagar:

Januar: 14. og 28.

Februar: 11. og 25.

Mars: 10.

TREUNGEN NORMISJON

VÅREN 2024

Januar:

Torsdag 04. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.
Torsdag 11. kl.19.00 Møte, Ulf Børje Rahm.
Laurdag 27. kl.18.00 Møtehelg, Jens Bergsland,
Sundag 28 kl.11.00 -----«-----

Februar:

Torsdag 01. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.
Torsdag 08. kl.19.00 Årsmøte.
Torsdag 15. kl.19.00 Bøn og samtale.
Onsdag 21. kl.19.00 Møte i Haugsjåsund, Arvid Hunemo.
Torsdag 22. kl.19.00 Møte, Ragnar Kortner.

Mars:

Fredag 01. kl.19.00 Møtehelg, v/Arvid Hunemo, -sang, Lovsangsteamet frå Tromøya.
Laurdag 02. kl.19.00 -----«-----
Sundag 03. kl.11.00 -----«-----
Torsdag 07. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.
Torsdag 14. kl.19.00 Møte, Hanne og Vidar Brautaset.
Torsdag 21. kl.19.00 Bøn og samtale.

Velkommen i Bedehuset.

INNSAMLING TIL FLYKTNINGAR I UKRAINA:

Diakoniutvalet kjem med ein varm **TAKK**
til alle som delte og bidrog til eit godt
resultat fra vår kyrkjelyd.

Vi var slik med i ein større samanheng!
16 kolli vart køyrt til Solum kyrkje
laurdag 25.nov.

Derifrå til internflyktingar i Ukraina
med sikker transport.



EN STJERNE



Denne songen har blitt ein av våre mest kjente og populære jole-songar. Men visste du at den blei til på 17. mai?

For mens kona til Tore W. Aas stod på badet og pynta seg sette Tore seg ved pianoet heime i stoga og plutselig datt det to tekstlinjer og melodi ned i hovudet på han. Vanlegvis trong han timar og dagar på å skrive ein song, men denne kom rekande på ei fjøl. Dagen etter skulle Oslo Gospel Choir i studio å spile inn si fyrste joleplate. Aas kunne ikkje la melodien gå frå seg og spela han inn på ein kassett.

Heime hos Eyvind Skeie var familien i full gang med førebuingane til nasjonaldagen da telefonen plutselig ringa. Aas var i andre enden og fortalte han hadde skrive ein melodi. Det einaste som mangla var tekst, så var alt klart. Det var bare eit lite problem: Teksten måtte vere klar til dagen etter da koret skulle i studio. Skeie fekk tilsendt kassetten i drosje. Innimellom selskap og festlegghetar skreiv han litt på teksten og innan dagen var omme, faksa han teksten til Aas. Dette er den einaste songen Tore W. Aas og Eyvind Skeie har gjort saman. Teksten bygger på Lukas 2,14 og Matt 2, 9-11. «Vi»-preget i salma er i rolla som gjetarane og dei tre vise menn. Eit interessant fenomen er at Jesus ikkje blir nevnt ved navn, Skeie brukar i staden for begrepa «kjærleik» og «himlen». Inkarnasjonens betydning finn me i refrenget i strofa «verden var aldri helt forlatt». Jesusbarnet kom med himlens fred som me alle skal få ta del i, og til tross for gjentatte brot på pakta mellom Gud og menneske, vender Gud oss aldri ryggen.

Melodien blei komponert opprinneleg til teksten «The Christmas Way» av Jan Groth. Den er i gospelstil. Toneart: D-dur. Salma har blitt oversatt til fleire språk og mange artistar har gjort sin versjon, bl.a Hanne Krogh, Ole Edvard Antonsen og Sigvart Dagsland. Salma står i Norsk Salmebok på nummer 68.

Kantor Maria Skjæveland.

En stjerne skinner i natt

Nå er den hellige time
vi står i stjerneskin,
og hører klokkene kime
nå ringes julen inn.

Ref.

Englene synger høyt i kor,
synger om fred på vår jord,

verden var aldri helt forlatt,
en stjerne skinner i natt

En nyfødt kjærlighet sover,
nå er guds himmel nær,
vår lange vandring er over,
stjernen har stanset her.

Ref.

Se himmelen ligger og hviler,
på jordens gule strå.
Vi står rundt krybben og smiler,
for vi er fremme nå.

Her kan vi drømme om den fred,
som vi skal eie en gang,
for dette barn har himmelen med
og jorden fylles med sang.

NISSEDAL SOKN VEST-TELEMARK

Opningstider

tys/tors 9-13. Ellers
treffetid etter avtale.
Kontoret kan vere
ubemanna pga
oppdrag ute.

Kyrkjekontoret:

Ragnar Kortner,

sokneprest

Tlf.: 35 04 84 49

Mobil: 97 54 56 26

E-post: ragnar.kortner@

nissedal.kommune.no

Bente Meyer, kyrkjeverje

Tlf.: 35 04 84 43

Mobil: 99 54 45 43

E-post: bente.meyer@

nissedal.kommune.no

Maria Skjæveland, kontor

Mobil.: 94 06 02 69

Leiar i soknerådet:

Gerd Irene Sønderland

Nestleiar i soknerådet:

Astrid Eidem Nordal

Kyrkjetenar:

Anne Marie H. Larsson

Prostdiakon Eilev

Erikstein

Tlf.: 35 07 71 88

Mobil.: 91 11 35 80

KIRKENS SOS

Tlf.: 22 40 00 40

Frå kyrkjeboka – Nissedal sokn

Nissedal kyrkje

Gravferd:

03.11 Hildegunn Evja f: 1958. d: 28.10.2023

Treungen kyrkje

Gravferd:

06.10 Anna Tveit Olsen f. 1943. d. 26.09.2023

Felle kapell

Dåp:

28.10 Sofie Rud Felle.

Foreldre: Bård Andre Felle Mathiesen
og Ida Rud



KYKJELYDSBLAD

for Nissedal sokn utgjevar: Soknerådet i Nissedal

REDAKSJON:

Tor Valle, 3855 Treungen, priv. tlf: 92 48 90 42,
Gunnhild Breivik Rieber-Mohn 3854, Nissedal, priv.
tlf: 99 42 33 59

EKSPEDISJON : Kyrkjekontoret

GIRO: 2714.10.15589

Bladet vert sendt ut gratis til alle heimar i Nissedal
prestegjeld. Friviljuge gåver til bladet vert mottekne med
takk. Trykt ved Erik Tanche Nilssen trykkeri, Skien
Stofffrist neste blad er 24.02. Og det kjem ut i veke 12.

EI TALE FOR DEN SOM SER

KONTAKTVANSKAR



Dette er eit gammalt hus. Huset verkar svært avvisande med sine tjukke, kalde murveggar. Som om det seier: «Her skal ingen kunne trengje seg på!»

Men om du tek deg tid og går litt rundt huset, finn du denne luka. Eit svakt punkt i eit elles sterkt forsvar.

Viss eg bankar på, kjem det kanskje eit menneske til syne i det luka opnar seg, eller viss ingen opnar, kanskje eg kan høyre ei stemme gjennom stoffgitteret på sidene?

Og viss ikkje noko av dette slår til, kan eg skrive eit brev og putte i brevsprekken over luka og håpe at nokon les brevet mitt og tek kontakt...

For eg vil så gjerne få kontakt med nokon. Det er ikkje alltid like lett.

Viss eg er «innanfor», «ein av gjengen», ja, då har eg ei opa kontaktflate og treng

ikkje tenke slike tankar. Men viss eg ikkje er innanfor, ikkje har nokon stad eg kjenner meg heilt trygg, då tenkjer eg slike tankar heile tida.

Kanskje har me kjent på dette nokon kvar. I somme situasjonar, føler eg meg innanfor, men i andre samanhengar, er det eg som står utanfor og lurar på korleis eg kan kome inn.

Me kan alle, til tider, kjenne oss igjen i det Einar Skjæråsen skriv: «Du er sjøl en liten vek en, du treng sjøl en storebror.»

Murveggen på biletet har jo både ei luke og ein brevsprekk, men det hjelper så lite viss det ikkje er nokon på innsida som opnar opp.

Eit svakt punkt i veggen. Men og eit punkt med moglegheit for å sjå ut.

Gud kan verke som ein koloss av ein murbygning. Ein eg ikkje kan nærme meg. Ein eg ikkje kan nå fram til. Dei som var nær Gud i det gamle testamentet, måtte skjule augo sine for han. Dei kunne ikkje få sjå rett på han.

Men om du tek deg tid og går litt rundt Gud, finn du... eit menneskebarn, ein so liknar på «flokken vår». Gud har opna luka: *Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda. Joh. 1.9.*

Og slik som Gud opna opp for oss, kan me også opne opp for kvarandre. Og ikkje møte kvarandre med kalde murveggar eller stengte luker, men opne luka, sjå ut og møte den som står der.

GBR-M

Årets gullkonfirmantar



Gullkonfirmantar 2023: Olav Andreas Felle, Ragnhild Åsen Andersland, May Trontveit Wigestrang, Oddrun Bergliot Thorsen, Torunn Anne Svalastog Helsing, Hans Bjørn Haugsjå, Turid Birkrem Mæland (Frikyrkja), Torunn Kvås Hals og Egil Birkrem (Frikyrkja).

FJONE BEDEHUS

**Adventssamling andre søndag i advent,
10.12. kl 15.00**

Damenes: kvar fyrste torsdag i månaden
kl. 19.00

Barnarbeidet: Sjå FB-sida.

JOLEMARNAD

**FRAMNES VEL inviterer til Jolemarknad
sundag 10.desember frå kl. 13**

VELKOMEN for sal av eigne varer! – og
kaup av det andre sel! Gratis riding for born,
Gjestegiveriet sel graut og Framnes Vel har
lotteri. Ingen kostnad å stå med stand!

**Vi håpar du kjem innom ved kyrkjemuren
langs Rv 41.**

